



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Masfjorden

24. juni 2021

## Hei, og velkommen til konfirmasjon i Masfjorden!



**KONFIRMAN†**

Dette brevet går til deg som er fødd i 2007 og hører til i kyrkja i Masfjorden. No er det din tur til å vera konfirmant! Her kjem litt om innhaldet i konfirmantåret, nokre viktige datoar og info om korleis du melder deg på for å vera med på kyrkja i Masfjorden sitt konfirmasjonsopplegg.

Trusopplærar Helga Ekehaug, sokneprest Torbjørn Sæle og dei andre som jobbar i kyrkja, ser fram til å møta deg. Vi trur det er grunn til å gleda seg til ei flott konfirmasjonstid!

### Kven kan vera konfirmant i kyrkja?

Alle som er fødde i 2007 er velkomne til å vera konfirmant i kyrkja dette året. Du kan difor gjerne dela denne informasjonen om du kjenner andre interesserte som ikkje har fått brevet. Alle samlingar og undervisning er open for alle i årskullet som ønskjer å ta del, enten du er døypt eller ikkje. For å delta i konfirmasjonshandlinga på konfirmasjonsdagen, må du vera døypt. Dei som ikkje er døypt, men ønskjer å verta konfirmert i kyrkja, kan verta døypt før konfirmasjonen. Det vil då vera nokre eigne samlingar som førebuing til dåpen.

### Tilrettelegging

Konfirmanttida er for alle uavhengig av funksjonsevne. Ta kontakt og kom gjerne med tips til korleis vi kan leggja til rette for å bidra til at alle kan kjenna seg inkluderte og velkomne.



## Kva er konfirmasjon?

For deg som er døypt, tok kyrkja, foreldra og fadrane dine i fellesskap på seg ei forplikting: Å gje deg omsorg og opplæring så du kunne leva og veksa i den kristne trua. Denne opplæringa har du møtt på ulikt vis. I ungdomstida vil du oppleva mange ting på nye måtar. Konfirmasjonstida handlar om få tid til å undra seg, utforska og erfara meir av kva den kristne trua er. Det handlar om livet ditt og spørsmåla dine, og vi håpar og trur at du kan få læra meir om både Gud og deg sjølv i løpet av dette året.

## Korleis er konfirmasjonstida?

Konfirmanttida strekkjer seg over eit år og inneheld minst 60 timer med undervisning og andre samlingar. I løpet av konfirmanttida vil du vera med på minimum 8 gudstenester. Ved nokre av desse vil du som konfirmant delta med ulike oppgåver, som t.d. å ønska velkommen, lesa tekst, tenna lys, styra powerpointen, bidra med song eller musikk eller ringa med kyrkjeklokken. Du får koma med ønskje om kva du helst vil bidra med. Her er vi ulike og kan delta på ulike måtar i og rundt gudstenesta. Meir om dette når vi er i gang med konfirmantåret. Nokre aktuelle tema i konfirmasjonstida er bibel og bøn, gudstenesta, dåp og nattverd, sjølvbild, identitet, rus og seksualitet. Du vil også få læra meir om Gud, Jesus og Den heilage Ande, diakoni og misjon. Normalt er det to konfirmantleirar i løpet av konfirmantåret. Den første leiren vert helga 29.-31. oktober 2021 på Fjon. Vi legg også opp til nokre temasamlingar inne og dagssamlingar ute, med diakonalt og sosialt fokus. I tida før påske er det innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp. Til saman utgjer dette eit spennande og viktig år, og det er avgjerande at samlingane vert prioriterte av alle!



## Konfirmantleirane

Konfirmantleirane er staden der størstedelen av konfirmantundervisninga skjer. Leirane har eit todelt føremål: Undervisning og godt fellesskap. Difor er det både undervisningssamlingar og ting vi gjer berre for å ha det moro. Kanskje vert du betre kjent med nokon i klassen eller frå ein av dei andre skulane – og du treff leiarar og prest. Det er òg med trygge og gode vaksenpersonar og ungdomsleiarar.



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Masfjorden

24. juni 2021

## Pris

Alt undervisningsmateriell vert dekka av soknerådet/fellesrådet, mellom anna gjennom ofringar i kyrkjene våre. Likevel kjem det nokre utgifter for kvar konfirmant som heimane må dekkja. Det er ca 2000 kr per konfirmant og dekkjer begge leirane og nokre andre utgifter. Betalingsinformasjonen kjem på eit seinare tidspunkt. Ta kontakt om den økonomiske biten er til hinder for å delta.

## Viktige datoar

### INFOMØTE

Her får du møta dei ansvarlege for konfirmantåret, vita meir om kva skjer og spørra om alt du måtte lura på. Denne samlinga er felles for konfirmantar og foreldre/føresette i heile Masfjorden og vert i **Solheim kyrkje tysdag 24. august kl. 18.00-19.30**. Det passar med ferje frå Masfjordnes kl. 17.30.

### PRESENTASJONSGUDSTENESTR

Alle nye konfirmantar vert prestentere i si lokale kyrkje søndag **29. august 2021 i**

**Solheim kyrkje kl. 11.00, Frøyset kyrkje kl. 13.30, Sandnes kyrkje kl. 16.00.**

På presentasjonsgudstenestene går konfirmantane i prosesjon inn i kyrkja og namna på konfirmantane vert leste opp i løpet av gudstenesta. Bortsett frå dette vil ikkje konfirmantane ha andre spesielle oppgåver enn å vera til stades og verta presenterte på denne gudstenesta.

### TEMAKVELD

Temakveld med «Farmen-presten» Thor Haavik og eit ungdomsteam **torsdag 21. oktober**. Tid og stad til denne og andre temasamlingar kjem seinare.

### KONFIRMASJONSGUDSTENESTER

Konfirmantåret startar i slutten av august 2021 og varer fram til konfirmasjonsgudstenestene i 2022. I 2020 og 2021 har konronasituasjonen gjort det nødvendig å flytta konfirmasjonane til hausten. Soknerådet har nyleg, etter vurderingar i staben og konfirmantteamet, vedtatt at konfirmasjonane også i 2022 vil vera på hausten, og datoane blir som følgjer:

- **Søndag 11. september 2022 i Solheim kyrkje**
- **Søndag 18. september 2022 i Frøyset kyrkje**
- **Søndag 25. september 2022 i Sandnes kyrkje**





# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Masfjorden

24. juni 2021

## Påmelding

Påmeldinga ordnar du enkelt via nettsida vår, [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no). Trykk på konfirmantartikkelen som no ligg på framsida eller øvst på sida via «Livets gang» og «Konfirmasjon» og artikkelen «Konfirmantpåmelding 2022». Det er fint om konfirmant og foreldre/føresett fyller påmeldinga ut saman. Ver nøyne med kontaktinformasjonen og få med den informasjonen som er nyttig for oss å vite. Etter du har fylt ut påmeldinga, kjem det ei automatisk stadfesting på at påmeldinga er registrert. Du kan meld deg på no og seinast onsdag 25. august.

## Foreldreinvolvering

Vi oppmodar foreldre/føresette om å ta aktivt del og leggja til rette for at konfirmanteren kan få best mogleg utbyte av konfirmasjonstida. Kom gjerne saman på gudsteneste. Vi vil også trenga at foreldre/føresette bidrar med t.d. kjøring, matlaging og som nattvaktar på leir.

## Informasjon

Det meste av informasjon frå oss vil skje via e-post. Det kan i tillegg vera aktuelt med supplerande grupper på Facebook/Messenger for t.d. å samordna transport eller andre høve knytt til konfirmantopplegget.



## Hugs påmeldinga og infomøtet

Det står det berre att å minna om påmeldinga via [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no) og infomøtet i Solheim kyrkje tysdag 24. august kl. 18.00-19.30. Du kan lesa meir om konfirmasjon og tidlegare konfirmanter sine erfaringar på [www.kyrkja.no/konfirmasjon](http://www.kyrkja.no/konfirmasjon)

## Spørsmål?

Har du spørsmål, så ta gjerne kontakt med:

- sokneprest Torbjørn Sæle på 95 14 16 85 eller [ts657@kyrkja.no](mailto:ts657@kyrkja.no)
- trusopplærar Helga Ekehaug på 56 16 62 62 eller [helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)
- eller kyrkjekontoret ved Eli Eidsnes på 56 16 62 61 eller [kyrkja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkja@masfjorden.kommune.no)

No i ferietida, kan det ta litt lengre tid å få svar, men den som er på jobb, svarar så fort som råd!

Ha ein strålande sommar!

*Med helsing frå kyrkja i Masfjorden ved Torbjørn Sæle, sokneprest (vikar)*